



# Mykje spennande i trusopplæringa i denne våren.

Av Ester Limstrand Åsheim,  
kyrkjelydspedagog

Etter ein fantastisk spennande haust som kyrkjelydspedagogar og kateket står me klar til å famne ein ny vår med mykje kjekt opplegg. Denne våren har me ikkje trusopplærarar, berre kyrkjelydspedagog og kateket.

**5.klassingar** var på leir allereie no i januar.

**Konfirmantane** våre skal på leir i februar. Dei er så stort kull i kommunen dette konfirmantåret, at det måtte setjast opp to leirar og gruppa måtte delast. Hadde konfirmantane fått velje hadde det nok vore felles i ei stor gruppe med eit herleg kaos. Me vaksne tok til fornuft og fann ut det var lurt å dele dei opp litt.

**1.klassingar** i heile kommunen skal få vere med på skattejakt denne våren. Dei skal få bli meir kjende i si lokale kyrkje. Her blir det leit etter ting i kyrkja, formingsaktiviteter, song og forteljingar frå bibelen.

**2.klassingar** skal få vere med på brubbyggjar som har tema pinse. På desse samlingane bruker me ein del Lego. Me byggjer bru, har formingsaktivitetar og får høyre historia til Peter som fortel om pinsen.

**7.klassingar** i heile kommunen blir inviterte på opplegget «Høgt og lågt med Gud». Våren 2023 var første gong dette var gjennomført og me var då i klatreparken på Nedstrand. Her var det klatring, postar og mat. Mykje mat. Me kryssar fingrar for at dette let seg gjennomføre i år og. Me som trusopplærarar har lagt det inn i planen vår.

**8.klassingar** får i slutten av vårhalvåret være med «På val». Ein kveld



Utdeling 4-årsbok i Vikedal kyrkje 2022 foto Andreas Andreassen.

der dei blir presentert for konfirmasjon, kva som skjer i konfirmantåret og om dei vel å vere med på dette. Ein kveld for både foreldre og ungdommar.

**Babysong** startar nytt kurs i løpet av våren og har samlingar fast ein gong i veka, 10 gonger. Her møter ein opp og syng saman. Me syng nye songar og gamle, kjære og kjende songer. Det er lunsj og samling etterpå. Mange foreldre synes dette er ein god sosial møteplass midt i kvardag og bleieskift.

**3-5 åringar** i Vikedal og Imsland får i januar/februar bli med på «Supersong på bedehuset» i Vikedal. Der syng me, spelar rytmeinstrument, dansar og leikar. Alle er med i leiken, både ungane og dei vaksne.

**Barnehagane** får òg invitasjon i løpet av våren. Det første dei blir invitert inn på er påskevandring. Barnehagane kjem, og me tek vandringa frå palmesøndag fram til Jesu oppstode. Ei ganske intens historie. Då er det godt å ha kyrkjelydspedagogar og kateket med pedagogisk utdanning som klarar å formidle historia på ein forståeleg måte for borna og møte dei i undringa undervegs. Pinsefest er òg noko barnehagane får bli med på. Dette er og ei



4 åringar i Skjold kyrkje januar 2022 tenning av lys i lysgloben. foto Britt Karstensen.

historie som kan være utfordrande for enkelte vaksne å formidle. Men kyrkjelydspedagogar og trusopplærarar og kateket brukar konkretar og dramatisering når dei reiser gjennom historia om pinsen. Her er det full feiring av kyrkja sin bursdag. Gleder og fargar.

**Slik går** våren før me plutselig er på hausten igjen med 3.klassingar på gardsbesøk, 4-åringar som skal få 4-årsbok, tumlande 2-åringar og mykje meir. Du og du så spennande det er å arbeide med trusopplæring i Vindafjord!

**Andaktstelefonen**  
380 91700  
Åpent bele døgn!  
Ny andakt tirsdag og fredag  
Tjenesten er gratis

**Korleis har du det... EIGENTLEG?**  
Eit menneske å snakke med når livet er som verst  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)  
Kirkens SOS 22 40 00 40  
SOS-melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 21.mars

Frist for levering av stoff er 21.februar